



Brislingfangstane i vårt område har så langt vore gode.

Til dømes har Hovda-mannskapet frå Finnøy i Rogaland fanga 180 tonn førebels og det er meir enn i fjor på denne tida. Det slår Ole Johan Bø fast når brislingbruket i dag forlet Sandakaiaen etter kvile og proviantering.

Hovda var innom Uskedalen også i fjor.



I første omgang skal Hovda no ta opp to steng som står i Rosendal-området, men det vidare mål for fisket er heller uklart. Det avheng av kor fisket blir opna og lukka til einkvar tid, understrekar Bø.
-Vi fiskar omtrent overalt og veit sjeldan om vi hamnar i aust eller vest, seier han.

(Foto: Ola Matti Mathisen)